

## "Familieskyting" i 100-årslaget

06.09.2008



Uskedelinger som var med i jubileumsstemnet laurdag med ei Krag Jørgensen-børse som vart nytta. Denne er frå 1918. Frå venstre står Håvard S. Eik, Paul Are Ljosnes, Tore Fausk, Eirik Fausk og Martin Fausk. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Skyting er ofte eit "familieforetak". Det kan også Omvikdalen skyttarlag streka under ved 100-årsfeiringa no i helga. Ikkje berre er seks medlemmer i familien Mehl med og skyt – det er også seks medlemmer av familien Fausk. Og dei siste er frå Uskedalen.**

**Skyttarfamilien Fausk består av Tore, Per, Ann Kristin, Lars (13), Martin (13) og Eirik (11).**

I det heile er uskedelingerne flinke til å slutta opp om laget. Frank Vik, Paul Are Ljosnes og Håvard S. Eik er tre aktuelle namn ved sida av Fausk-familien. Vik vart i 1994 den første skyttaren i laget som skaut seg inn i 350-klubben som rekrutt. Det var same året som han vart tredjemann i Landsskyttarstemnet på Sandnes. I 2005 skaut Paul Are Ljosnes 350 som junior og vart med i klubben!

Under jubileumsstemnet laurdag var det mellom anna ei spesiell historisk skyting der dei måtte nytta Krag-Jørgensen eller mauser og feltklær som antrekk. 21 vart med i denne spesielle skytinga som minna om "forna dar".

Av Ola Matti Mathisen..